



Y's Men International, Region Norge

Regionsbulletin, nr 3, 2009-2010

Kjære venner og medarbeidarar i Y's Men.

Maken til flott og stabil vinter har vi ikkje hatt i Ulsteinvik i manns minne. Snøen har lege stabilt sidan før jul, og framleis lavar snøen ned – og viktige vegar er stengde. Men kjøtmeisene syng våryre, og snøklukkene finn veg gjennom det kvite dekket når sola varmar langs sørveggen av huset.

REGION NORGE INTERNASJONALT PÅ KARTET

Sidan førre regionsbuletin har IC bestemt at **Internasjonalt Konvent skal vere i Stavanger i 2012**. Vi gratulerer og gler oss! Dette blir dermed anledning for oss til rimeleg pris å få vere med på denne største samlinga i Y's Men International!

Resultatet av valet av IPE omtala i siste Regionbuletin er klart: **Finn Pedersen frå Hinna YMC er vald** med klart fleirtal. Gratulerer! Finn er altså IP frå 2011 til 2012. Berre ein nordmann har vore IP før, og det er Arvid Malme, Østenstad Y's Men Club som var IP frå 1. Juli 1992 til 30. Juni 1993. Det internasjonale konventet var i Oslo i august 1992.

JUBILEUM

Det er mange klubbar som jubilerar i vår: **Stovner Y's Men's Club** hadde 30 års jubileum 8. mars, **Madlamark Y's Men's Club** har 15 års jubileum 1. april. Same dato her **Sola Y's Men's Club** 10 års dag, 5.april er **Biskopshavn Y's Men's Club** 10 år, og 3.mai er det 30 år sidan både **Bugården Y's Men's Club** og **Stokke Y's Men's Club** vart chartra. Regionsstyret gratulerar klubbane med jubilea og håper dei framleis vil vere livskraftige klubbar, synlege i lokalmiljøet og med aktivitetar som skaper trivsel for medleme og tiltrekkjer seg nye medlemmer. Det er ikkje få timer dei jubilerande klubbane har lagt ned av innsats gjennom desse årene, og Regionsstyret er vil rette stor takk for det som klubbane har ytt og gitt i alle desse åra.

LOVER OG VEDTEKTER

Lovene vedtektene på regionskonferansen er no sendt ut til alle DG-ar, RSD ar og til dei klubbpresidentane som har registrert e-postadresse. Der er etter Regionskonferansen 2009 komme pålegg frå IHQ om nye datoar for innbetaling av kontingentar. Dette har ført til at vedtektene 221, 234 og 832 må takast opp på neste regionskonferanse i Trondheim 27-29 august 2010. Endringsframlegga er merka med raud, utheva skrift. Etter § 2.1 er vi forplikta til å følgje International Constitution.

MEDLEMSVEKST

Etter fleire år med nedgang i talet på medlemer, har siste rapport vist ny trend: Medlemstalet har auka med 1- ein- medlem!

MEDLEMSHÅNDBOKA (MHB) – KALENDER.

Arbeidet med ny MHB er i gang. Minner om at alle klubbar bør skaffe minst ei annonse..Prisar m.m. finn de på s. 32 i noverande MHB. Vi oppfordrar spesielt klubbpresidentane til følgje opp annonsesanking.

Ber om at alle DG-ar og klubb-presidentar les over kalenderen på s 14 i MHB!

Saker til Regionskonferansen skal vere sende inn til Regionsstyret seinast 30. april

MIDTVINTERMØTET REGION RUSSLAND - RUSSLANDSPROSJEKTET

Saman med ASD Russland, Henry Grindheim, deltok Egil Odd Halvorsen og Leif Walle frå Arendal YMC på konferansen i Yekatarinburg i februar. Norge har framleis eit særleg ansvar for arbeidet i

Russland. Det på MVM i Yekatarinburg teke initiativ til ei Distriktssamling for Baretns i månadsskiftet februar/mars, som ein del av Russlandsprosjektet Regionskonferansen løyvde pengar til. Tilbakemeldingar frå samlingane gir gode framtidsvoner for samarbeid YMC og KFUK-KFUM i Barents. Sjå nærare rapportar på Medlemssidene på Heimesida vår.

Midtvintersmøte i Norge

Midtvintersmøtet fann stad i Trondheim 12. Til 14. Februar. Referat finn de på medlemssider på heimesida vår, www.ysmen.net . Medlemssider er koda: Brukarnamn er klubbnavn (oftast 1. namnet om der er fleire) Passord er charterdato utan punktum. Det var ei god samling som gav inspirasjon og kunnskap. Alle deltakarane har fått tilsendt referat.

PROSJEKT:

KFUK-KFUM prosjekt:

I møte RE og RDE hadde med leiinga i KFUK-KFUM 2.februar, vart det klart at KFUK-KFUM ønskjer at Y's Men støttar eit prosjekt som kjem heile landet til gode. KFUK-KFUM føreslår Tween Sing, og det vil kome med nærare framlegg til korleis prosjektet skal vere. TweenSing er eit opplegg for 5. til 7. klasse som bygg på erfaringane frå TenSing. For meir informasjon sjå www.tweensing.no

TOF. På heimesida finn de no god informasjon om TOF laga av DG Anne Berit Ommundsen. Vonar mange klubbar som så ofte før tek aktivt del i å samle inn midlar til dette største dugnaden for Y's Men International. Budsjettmålet er ca kr 145000.

REGIONSPROSJEKT. Vi har to regionsprosjekt, eit i Etiopia og eit i Sudan.

TraumaCare Ethiopia.

Prosjektet har kome langt i oppbygginga av akuttmottak på det samarbeidande misjonssjukehuset i Addis Abeba. Opplæringa av helsepersonellet er i godt gjenge, dei langsiktige verknadene av prosjektet ser ut for å vere varige og gode. Tilskotet frå Y's men er viktig for realisering av prosjektet. Meir stoff finn de på heimesida vår. Budsjettmålet er kr 80.000

GLOBAL - Sudanprosjektet .

Prosjektleiar Tor Kjetil Edland i Global har nettopp vore på besøk i Yambio i Sudan. Rapporten hans viser at prosjektet har ei god utvikling trass i politisk uro i området. Dette er KFUK-KFUM sitt prosjekt som Y's Men støttar. Budsjettmålet er kr 30.000.

Minner om at betalingane frå den enkelte klubb er avgjerande for at prosjekta får støtte.

ROLL BACK MALARIA.

Dette prosjektet var svært vellukka, og det har nettopp kome melding om at prosjektet truleg vil halde fram.

Ulsteinvik 18.mars 2010

Svein Rødset

RD

